NVE
Noregs vassdrags- og energidirektorat

GLOPPEN ENERGI AS
Sørstrandsvegen 227
6823 SANDANE

Vår dato: 20.10.2026
Vår ref.: 202616120-5 Oppgi ved kontakt
Dykkar ref.: John Morten Selsvik

Sakshandsamar NVE:
Patrick Langeland/pala@nve.no

Godkjenning av detaljplan for miljø og landskap for Evebøfossen kraftverk, Gloppen kommune

Vi viser til søknaden dykkar om godkjenning av detaljplan for miljø og landskap for Evebøfossen kraftverk. Vi synar òg til synfaring 2.september.

Vedtak

NVE godkjenner detaljplan for miljø og landskap datert 14.07.2026 for bygging av nye Evebøfossen kraftverk i Gloppenelva, Gloppen kommune.

Vilkår for godkjenninga

- De skal orientere oss om dato for oppstart av anleggsarbeidet seinast 7 dagar før planlagt start. Vi skal òg orienterast ved viktige eller kritiske fasar i anleggsarbeidet
- Det skal nyttast fiskefagleg kompetanse under anleggsarbeidet for å sikre best mogleg utforming og funksjon av fiskepassasjane. Etter ferdigstilling skal fiskepassasjane funksjonstestast og overvakast i minst tre år med fiskefagleg bistand. Resultata skal dokumenterast og leggjast til grunn for eventuelle naudsynte justeringar.
- Det skal utarbeidast ein sluttrapport for miljø og landskap som skal sendast til NVE innan eitt år etter at anlegget er sett i drift. Rapporten skal dokumentere at anlegget er bygd i samsvar med konsesjon, godkjend detaljplan, føresetnader og eventuelle endringar som er godkjent i løpet av byggeprosessen. Lekkje til mal.
- Seinast ein månad etter at kraftverket er sett i drift, skal de sende inn melding om dette til oss på skjema som ligg på vår heimeside (https://www.nve.no/om-nve/skjema-og-rapporteringsordninger/).

Detaljplan for miljø og landskap må vere i samsvar med dei vilkår og føresetnader som går fram av konsesjonen til opprusting/utviding av Evebøfossen kraftverk i Gloppenelva datert 01.12.2017. Vi kan krevje fleire detaljar for alle delar av tiltaket. Slike planar skal godkjennast av oss før arbeida vert sette i gang.

Godkjenninga har heimel i konsesjonen datert 01.12.2017 post nr 4.

Tilsyn

NVE vil følgje opp anlegget med inspeksjon.

Anlegget er både for planlegging, bygging og drift underlagt krav om internkontroll etter forskrift om internkontroll etter vassdragslovgjevinga (FOR 2011-10-28 nr. 1058 IK-vassdrag). Ved tilsyn på anlegget vil vi kontrollere at de har etablert eit internkontrollsystem etter forskrifta.

Vår handsaming av søknaden

NVE fekk tilsendt detaljplan for landskap og miljø for nye Evebøfossen kraftverk 14.07.2026. Detaljplanen er utarbeida av Bystøl AS, på vegne av konsesjonær Gloppen Energi.

Detaljplanen

Detaljplanen beskriv detaljar for korleis tiltaket skal utførast innanfor råma av gitt konsesjon, og korleis særlege vilkår skal stettast. Verksemda skriv blant anna slikt om arbeidet som er tenkt utført:

Saka gjeld detaljplan for miljø og landskap for nye Evebøfossen kraftverk i Gloppeelva. NVE gav konsesjon til tiltaket i 2017. Eksisterande kraftverk skal i hovudsak rivast og erstattast med nytt inntak, kraftstasjon og dam på same stad. Kraftverket er planlagt med maksimal slukeevne på 14 m^3/s og installert effekt på om lag 0,8 MW.

Tiltaket omfattar mellom anna ny dam, nytt inntak med fisketilpassa finrist, ny kraftstasjon og utviding og senking av eksisterande utløpskanal. Det er planlagt ny laksetrapp på nordsida av elva, medan laksetrappa på sørsida skal vidareførast og tilpassast. Det skal òg etablerast løysingar for nedvandring av fisk og oppvandring av ål. I anleggsperioden er det planlagt mellombelse vegar og riggområde, flaumvoll og flaumvegg for å halde byggjegropa tørr. Mellombels nytta areal skal tilbakeførast og revegeterast etter anleggsperioden.

Detaljplanen konkretiserer dermed korleis det konsesjonsgitte tiltaket er tenkt gjennomført, mellom anna med omsyn til fisk, flaum og erosjon, naturfare, arealbruk og landskap. Planen inneheld også enkelte justeringar frå løysinga omtalt i konsesjonsgrunnlaget, mellom anna at dammen er planlagd som platedam med støtter i staden for massiv betongdam.

Detaljplanen vart sendt på høyring 07.09.2026 til Statsforvaltaren i Vestland, Vestland Fylkeskommune, Gloppen kommune og Gloppenelva Forvaltningslag SA v/Kjell Petter Solhaug.

Fråsegn

NVE bad primært om fråsegn til detaljplanen frå Statsforvaltaren i Vestland, Vestland fylkeskommune, Gloppen kommune og Gloppenelva Forvaltningslag SA. NVE har motteke fråsegn frå Statsforvaltaren i Vestland, Vestland Fylkeskommune og Gloppenelva Forvaltningslag SA. Statsforvaltaren opplyser at fråsegna er utarbeidd i samråd med Miljødirektoratet. Statsforvaltaren i Vestland og Gloppenelva Forvaltningslag SA fekk utvida høyringsfrist til høvesvis 2. og 7. oktober 2026.

Fråsegna vart vidaresendt til konsesjonær 06. oktober 2026. NVE fekk tilsendt konsesjonæren sine kommentarar 13. oktober 2026. Desse er attgjeve i kursiv nedanfor.

Statsforvaltaren er positiv til dei planlagde løysingane for fiskevandring, men understrekar behovet for oppdatert kunnskap og fiskefagleg kompetanse i den vidare detaljeringa. Dei peikar særleg på omsynet til ål og tilrår ein minst treårig overvakingsplan for å dokumentere effekten av vandringsløysingane. Statsforvaltaren legg òg til grunn at varige naturinngrep blir avgrensa og landskapstilpassa.

Konsesjonæren viser til at fiskefagleg kompetanse er involvert, og at innspela vil bli vurderte i det vidare arbeidet. Eventuelle justeringar vil bli gjort i samråd med fiskefagleg kompetanse. Konsesjonæren opplyser vidare at vandringsløysingane vil bli overvaka og evaluerte etter utbygginga.

Vestland fylkeskommune føreset at tiltaket ikkje fører til forringing av Gloppeelva eller reduserer moglegheita for å nå miljømåla etter vassforskrifta, og at nødvendige avbøtande tiltak blir gjennomførte. Fylkeskommunen har elles ingen merknader til detaljplanen, men minner om at tiltak innanfor byggjegrensa på 50 meter frå fylkesveg 5733 krev dispensasjon.

Konsesjonæren opplyser at nødvendig søknad om dispensasjon vil bli utarbeidd og sendt til Vestland fylkeskommune.

Gloppenelva Forvaltningslag SA viser til kameraovervaking som etter deira vurdering dokumenterer at dagens fisketrapper fungerer godt, og meiner at funksjonen som minimum må oppretthaldast etter utbygginga. Forvaltningslaget peikar på fleire forhold ved dei planlagde løysingane for opp- og nedvandring som bør avklarast og detaljprosjekterast, og ønskjer mellom anna tredjepartsvurdering og vidare kameraovervaking for å dokumentere funksjonen etter utbygginga. Dei understrekar òg at fisketrappene må vere operative før oppvandringssesongen.

Konsesjonæren har som mål at dagens forhold for fiskevandring skal oppretthaldast eller forbetrast. Dei viser til prosjekterte løysingar for mellom anna innløp, vassføring og nedvandring, og opplyser at innløpet til den sørlege fisketrappa vil bli tilpassa den nye utløpskanalen i samråd med fiskefagleg kompetanse. Det vil òg bli etablert ei løysing for stenging og inspeksjon av den nordlege fisketrappa. Privatrettslege forhold vil bli avklarte direkte mellom konsesjonæren og forvaltningslaget.

NVE meiner fråsegna i hovudsak støttar dei prinsipielle løysingane i detaljplanen, men peikar på forhold som må ivaretakast i den vidare detaljeringa og oppfølging av tiltaket. Dokumentasjonen frå Gloppenelva Forvaltningslag SA om dagens fisketrapper er relevant som samanlikningsgrunnlag, medan Statsforvaltaren i Vestland særleg peikar på behovet for fiskefagleg kompetanse og etterfølgjande overvaking. NVE legg til grunn at dei prinsipielle løysingane og funksjonskrava skal vere avklarte, medan endeleg teknisk detaljering kan skje i samråd med fiskefagleg kompetanse. Det sentrale er at konsesjonæren kan dokumentere at vandringsløysingane fungerer etter føresetnadene.

Vurdering av flaum og skredfare

Verksemda har i kap.4.1 detaljplanen gjort ei vurdering av naturfare. NVE finn grunn til å minne om konsesjonæren sitt sjølvstendige ansvar for å vurdere naturfare knytt til tiltaket, og for å sjå til at naudsynte utgreiingar vert gjennomførte og eventuelle nødvendige avbøtande tiltak vert sette i verk.

Vurderingar etter naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova § 7 krev at prinsippa i §§ 8–12 skal leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg myndigheit. Forholdet til naturmangfaldlova vart vurdert i samband med konsesjonshandsaminga av Evebøfossen kraftverk. NVE meiner at desse vurderingane framleis er relevante og dekkande for godkjenninga av detaljplanen.

Detaljplanen inneheld nærare løysingar for opp- og nedvandring av laks, sjøaure og ål. I høyringa har Statsforvaltaren i Vestland peikt på behovet for å nytte oppdatert kunnskap og fiskefagleg kompetanse vidare i prosjekteringa og fram til funksjonen til tiltaka er dokumentert. Gloppenelva Forvaltningslag SA har òg peikt på fleire forhold ved funksjonen og utforminga av fiskepassasjane. Konsesjonæren har opplyst at fiskefagleg kompetanse vil bli nytta vidare, og at funksjonen til tiltaka skal overvakast og evaluerast etter utbygginga.

NVE meiner på denne bakgrunnen at kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg, jf. naturmangfaldlova § 8. Med dei avbøtande tiltaka og vilkåra som er fastsette i godkjenninga, meiner NVE at detaljplanen ikkje gir grunnlag for ei anna vurdering etter prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8–12 enn den som vart gjort i konsesjonshandsaminga.

Grunngjeving for særskilde godkjenningsvilkår – fiskefagleg kompetanse

Gloppenelva er eit viktig vassdrag for laks og sjøaure, og detaljplanen omfattar fleire tiltak for opp- og nedvandring av fisk. Det er viktig at tiltaka blir gjennomførte slik at fiskepassasjane fungerer som føresett. Statsforvaltaren i Vestland har særleg peika på behovet for fiskefagleg kompetanse i den vidare gjennomføringa og tilrådd minst tre års overvaking for å dokumentere effekten av vandringsløysingane.

NVE meiner derfor det er nødvendig med fiskefagleg oppfølging under anleggsarbeidet og ved funksjonstesting etter ferdigstilling, og har funne grunn til å sett vilkår om dette. For å dokumentere at løysingane fungerer over tid og under varierande forhold, skal funksjonen til fiskepassasjane overvakast i minst tre år. Resultata skal danne grunnlag for eventuelle nødvendige justeringar av løysingane.

Forhold som de må avklare før arbeida kan ta til

Plan- og bygningslova

De må avklare med kommunen om tiltaket må ha dispensasjon frå gjeldande arealplan. Dette fordi det må vere i samsvar med kommuneplanen sin arealdel og gjeldande reguleringsplanar. Dette gjeld sjølv om tiltaket har fått konsesjon, og dermed er unnateke frå byggesakshandsaming etter plan- og bygningslova, jf. forskrift om byggesak (FOR 2010-03-26-488 - byggesaksforskrifta) § 4-6 første ledd.

De må og syte for at tiltaket blir gjennomført i samsvar med plan- og bygningslova og tilhøyrande forskrifter. Dette gjeld særleg reglane i plan- og bygningslova om tekniske krav (§ 29-5), og krav til produkt til byggverk (§ 29-7) med tilhøyrande delar av byggteknisk forskrift. Desse gjeld så langt dei passar for tiltaket.

Forskrift om damsikkerheit

Vedtaket omfattar ikkje plan for sikkerheit ved vassdragsanlegg i konsekvensklasse 1 og høgare etter forskrift om damsikkerheit. Plan for sikkerheit (Teknisk plan) skal vere godkjent før de set i gang anleggsarbeida.

Naturførekomstar, landskapsområde og kulturminne

De må avklare verknadene av tiltaket i forhold til krava i post 3 om konsesjonæren sitt ansvar ved anlegg/drift og post 6 om kulturminne. Krava gjeld både i forkant av, og under anleggsperioden.

Privatrettslege rettigheiter

De må ha avklart alle nødvendige privatrettslege rettigheiter for utbygging og drift av anlegget.

Nødvendige godkjenningar etter anna lovverk

De må innhente nødvendige godkjenningar etter anna lovverk.

Det skal sendast inn dokumentasjon til Gloppen kommune når anlegget er ferdig bygd

Når anlegget er ferdig bygd, skal de sende kartdata i eigna format med alle fysiske anlegg til Gloppen kommune, slik at kartdata kan gjerast tilgjengeleg på ein enkel måte, jf. byggesaksforskrifta § 4-1 fjerde ledd.

Høve til å klage

De kan klage på vedtaket, sjå orientering om rett til å klage på siste side.

Med helsing

Mari Hegg Gundersen
seksjonssjef

Ole Per Schei
fagleiar

Dokumentet sendast utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar

Mottakarliste:

GLOPPEN ENERGI AS

Kopimottakarliste:
Odd Rune Håland
GLOPPEN ENERGI AS - JOHN MORTEN SELSVIK
STATSFORVALTAREN I VESTLAND
VESTLAND FYLKESKOMMUNE
Kjell Petter Solhaug

Orientering om rett til å klage

Frist for å klage	Fristen for å klage på vedtaket er 3 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.
Du kan få grunngjeving for vedtaket	Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.
Kva skal med i klagen?	Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du: • Skrive kva for vedtak du klagar på. • Skrive kva for eit resultat du ønsker. • Opplyse om du klagar innanfor fristen. • Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen. I tillegg bør du grunngje klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.
Du kan få sjå dokumenta i saka	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.
Vilkår for å gå til domstolane	Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klaga på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av Energidepartementet (ED) som overordna forvaltingsmyndigheit. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.
Sakskostnader	Dersom NVE eller ED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekka vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.
Kven kan klage på vedtaket?	Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.
Kvar skal du sende klagen?	Du må adressere klagen til ED, men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: nve@nve.no. NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket vil vi sende klagen til ED.
Du kan be om avgjerd om utsett iverksetjing av vedtaket	Du kan be om avgjerd om at vedtaket ikkje skal setjast i verk før klagefristen er ute eller klaga er avgjord. Klage på vedtak om samtykke til ekspropriasjon har utsetjande verknad, med mindre det er gjort vedtak om noko anna.

Denne forklaringa bygger på forvaltningslova sine reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32, 36 og 42.